


ÅRSPLAN FOR VESTBYGD SFO 2023/2024



SFO

Innhald:

- s. 1: Framside
- s. 2: Innhald
- s. 3: Barnegruppa. Personalet.
- s. 4: Hovudmålet til skulefritidsordninga vår.
Dette kan du vente av oss.
Leik og læring.
Fysisk aktivitet.
- s. 5: Foreldrekontakt
Dagsrytme
Lokale
Oppseiing- endring av plass
Lang dagar
- s. 6: Ekstra tid
Forming
Årshjul
- s. 7: Måltid
Ekstratøy
Eigne leikar
Bursdagar
- s. 8: Trivselsreglar
Linkar
- s. 9: Skulerute for 2023/2024

Alver kommune er eigar og ansvarleg for drifta av Vestbygd SFO.
Ordninga med SFO starta opp skuleåret 1997/98, med 37 born. 12.09.23 har Vestbygd SFO tilbud til 47 born.

Barnegruppa

1. klasse:	14 born
2. klasse:	10 born
3. klasse:	14 born
4. klasse:	9 born

Personalet på Vestbygd SFO

May Britt Husa	Pedagogisk medarbeidar
Tone Jordal	Pedagogisk medarbeidar
Ann Kristin Hannisdal	Pedagogisk medarbeidar
Rigmor Skurtveit	Pedagogisk medarbeidar
Camilla Raa	Barne og ungdomsarbeidar
Audhild Knarvik	SFO-leiar

Mobil nr. til SFO 40907662, Leiar har kontortid i noe av skuletida.



Hovudmålet til skulefritidsordninga vår

- TRYGGLEIK
- OMSORG
- TRIVSEL
- SOSIAL UTVIKLING

Borna skal oppleve at dei vaksne bryr seg om, og er interesserte i dei. Då kan dei sjå seg sjølv som verdifull, og få eit positivt syn på seg sjølv. Dei lærer òg om å vise omsyn til kvarandre. Eit av hovudmåla til Vestbygd SFO er at dette skal vera ein stad der borna likar å vere og kjenner seg trygge. Personalet på Vestbygd er med på å setje rammer for borna. Dette er ein føresetnad for å skapa tryggleik. Det å vita kvar grensa går, gjev barnet ein kompetanse om kva som må til for å vera ein god medborgar i eit samfunn. Det er også viktig å læra borna å ta ansvar for eigne handlingar, og at dei lærer seg å vera opne for menneska rundt seg.

Dette kan du vente av oss på SFO:

- Ein har spesielle tiltak kring førsteklassingane den første tida, slik at ein sikra at dei får nok tid til å bli trygg.
- Barnet ditt skal bli trøysta og får omsorg når det trenger det.
- Barnet ditt blir sett dersom det opplever isolasjon og "vennetørke".
- SFO-personale ringer eller tar kontakt om dei er uroa for noko i høve til ditt barn.
- SFO- personale møter deg med et blick eller eit nikk og viser at dei ser deg når du er innom, sjølv om dei ikkje alltid har tid til den vesle praten.
- SFO- personale viser deg respekt og godtar dine løysningar og reglar knytt til oppdraginga av ditt born.
- SFO sørgjer for at du får informasjon om planlagte aktivitetar.

Leik og læring

Frileik er den viktigaste aktiviteten i SFO. I motsetning til vaksenstyrte aktivitetar, har den frie leiken utspring i borna sjølv. Den har ein eigenverdi og opplevast som meiningsfull og lystbetont. I leiken undrar borna seg, dei er nysgjerrige og utforskar både relasjonar til andre, og omgivnadene rundt seg. Gjennom leiken utviklar borna ein unik og samansett sosial kompetanse som er heilt avgjerande for å kunne passe inn i eit sosialt fellesskap. Leiken er ein arena for meistring, glede og livsutfoldelse. SFO skal støtte born si nysgjerrigheit, kreativitet, vitebegjær og lærelyst, og bidra til et godt grunnlag for livslang læring og danning. Personalet på SFO legg til rette for læringsstøttande aktivitetar og leik.

Fysisk aktivitet

Fysisk aktivitet fremmer bl.a. born si konsentrasjonsevne, motoriske kompetanse, meistringskjensle, sjølvtilitt og psykiske helse. SFO er en arena for daglig fysisk aktivitet som fremmer bornas bevegelsesglede og motoriske utvikling. Vi er ute kvar dag. I tillegg brukar vi gymsal etter tur klassevis eller til aktivitetar.

Foreldrekontakt:

For å sikra oss eit godt samarbeid med føresette har ein på Vestbygd SFO ein eigen representant; Foreldrekontakt er ein som foreldra kan snakke med dersom det er noko dei ynskjer å ta opp med skulen og SFO. Vi på SFO kan også ta kontakt, dersom det er noko. Det er likevel viktig å få fram at ein set stor pris på kontakt med føresette. Dei som ynskjer enkeltsamtalar må ta kontakt med oss, så ordnar vi det. Ta kontakt med ein gong om de merkar at barnet/borna dykkar har utfordringar i SFO- kvardagen. Det er den beste måten å løyse utfordringane på. De som føresette er ekspertar på dykkar born, og me treng å arbeide ilag for å sikra at borna har ei trygg og god oppleving av Vestbygd SFO. SFO- leiar vil kalle inn til samtale dersom det er behov for det.

Dagsrytme:

7.30- SFO opnar. Frileik - frukost for dei som ynskjer.

Kl. 08.15 - Alle går ut.

Etter skule: Lærar les opp kven som skal på SFO og kryssar dei på. Borna går ut eller dei vaksne overtar borna i klasserom.

12.45- Måndag, torsdag og fredag: leik ute eller inne, eventuelt aktivitetar.

Måltid . Etter måltid frileik inne eller ute.

14.15-Tysdag og onsdag: Måltid. Etterpå frileik ute eller inne, eventuelle aktivitetar.

16.30 -SFO stenger.

Langdagar (skulefrie dagar):

Du kan velje 10 eller 11 månader med påmelding i SFO.

Ved 10 månader påmelding føl ein skuleruta.

11 mnd påmelding har fri i juli månad og 5 planleggingsdagar.

Det er bindande påmelding til slike dagar.

Timar ein er påmeld, kan nyttast fritt på langdagar.

Til dømes: Er det skulefri ei heil veke, og ein er påmeldt i halv plass, betalar ein for timane over 12 timar. Er ein påmeldt kort tid betaler en for timar over 6 timar.

Takst for timar utover påmeld tid er kr 71,- pr. time. eller kr 210 pr. dag, det som vert rimelegast for den enkelte. Dei som har full plass betalar ikkje ekstra i feriar.

1.+ 2. kl har gratis kjenetid som tilsvarar halv plass.

Lokale:

SFO nyttar dei fleste rom på småskolefløyen, skulekjøkken og gymsal.

1.kl sitt rom er hovudbasen. Der starter ein alltid opp om morgonen og er siste rom som vert rydda om ettermiddagen.

Oppseiing av plass/ending av plass:

Ein må nytta elektronisk søknadskjema om ein skal slutte på SFO eller endre plasstype. Same skjema som innmeldinga. Oppseiingstida er ein månad rekna frå den 1. i månaden etter at oppseiinga er motteken.

Minner om at dersom SFO-plassen ikkje vert sagt opp, har borna automatisk plassen sin på SFO fram til han/ho er ferdig i 4. klasse.







Ekstra tid

Dei som ikkje har full plass på SFO kan kjøpa ekstratimar for kr. 71,- pr. time dersom det er plass, event. kr. 210,-for ekstra dag.

Forming

Maling, ark, sakser, lim, garn, perler og liknande er alltid tilgjengeleg. I tillegg har vi av og til vaksenstyrte formingsaktivitetar.

ÅRSJUL

<p>August</p> 	<ul style="list-style-type: none"> - Bli kjent med kvarandre , skulen og området rundt - Øve på reglar og rutiner - Frileik ute og inne - 1.kl får vera med heim til Audhild
<p>September og oktober</p> 	<ul style="list-style-type: none"> - Bli kjent med kvarandre, skulen og området rundt - Øve på reglar og rutiner - Vi tar opp poteter og lagar potetchips
<p>November og desember</p> 	<ul style="list-style-type: none"> - Julehobby og tradisjonar - Julegåver - Julebakst - Nissefest med borna
<p>Januar og februar</p> 	<ul style="list-style-type: none"> - Håpar på snø og aktivitetar rundt det - Karneval, vi pyntar, kler oss ut og har fest - Ansiktsmaling
<p>Mars og april</p> 	<ul style="list-style-type: none"> - Formingsaktivitetar - Påskepynt og tradisjonar
<p>Mai og juni</p> 	<ul style="list-style-type: none"> - Sjå korleis det spirar i naturen - Turar i nærområdet - Sommarfest med borna

Vil vi ha ekstra fokus på høflighet og positiv adferd borna imellom.

Måltid

SFO legg til rette for måltid kvar dag. Måndag, torsdag og fredag vert måltidet servert på skulekjøkkenet tillaga av SFO. Tysdag og onsdag et borna medbrakt matpakke, klassevis i klasserom. Vi legg vekt på å innarbeide gode rutinar for mat og «matro». Borna skal få tilstrekkelig tid og ro til å ete. Vi legg vekt på helseframmende kosthald, utfrå helsedirektoratets kostråd. Vi vil og la borna få delta i matlaginga gjennom året.

Vestbygd SFO deltar i «Matjungelen». [Matjungelen – Barnehage og SFO](#) «I Matjungelen kan born utforske, leike og lære om mat som er bra for kroppen og kloden.» Matjungelen føl eit eige årshjul.

Ekstra tøy:

Borna må ha ekstra tøy liggjande på skulen. Tilpass yttertøy etter veret. Vi er ute kvar dag. Hugs å merke tøyet godt.

Eigne leikar: Vi anbefalar å ikkje ha med eigne leiker. Ut frå erfaring vert det mykje konflikhtar rundt dette (unnateke når borna treng kjente ting i oppstart for å føle tryggleik).

Bursdagar: Vi syng for barnet på dagen dersom dei er på SFO. Utover dette, ikkje noko spesiell markering.

Når du hentar på SFO og spør barnet ditt kva det har gjort, svarer det ofte «eg har berre leika». Men det barnet ditt faktisk har gjort mens det har leika er:



TRIVSELSREGLAR FOR SFO

1. Vi skal vera med alle.
2. Vi skal vera snill med kvarandre og seie fine ord til kvarandre.
3. Inne vil vi ha det stille.
4. Sko må vi setja inn til plassen vår. Jakkar må hengjast opp. Vi går med inne sko inne.
5. Vi vil ta vare på leikar, spel og ballar. Vi legg dei på plass når vi har brukt dei.
6. Ved krangel hent ein vaksen.



Desse reglane har borna vore med å laga.


*DERSOM ALLE PASSAR PÅ SEG SJØLVE OG TENKJER PÅ AT VI SKAL FØLGJE DESSE REGLANE,
VERT DET KJEKKARE FOR ALLE Å VERA I SFO.*


Link til elektronisk søknadskjema SFO:

<https://skole.visma.com/alver>



Ferie og fridagar for skular og barnehagar 2023-2024

 Elevfrie dager i grunnskolen

 Barnehagane sine planleggingsdagar (barnehagane stengt)

august 2023

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
31		1	2	3	4	5	6
32	7	8	9	10	11	12	13
33	14	15	16	17	18	19	20
34	21	22	23	24	25	26	27
35	28	29	30	31			

1.dag nytt barnehageår 14.8.

Planleggingsdagar barnehage 14. og 15.08

SFO opnar 1.8. Planleggingsdagar SFO 14.og 15.8.

Planleggingsdagar skule 14., 15. og 16.08.

Skulestart 17.8.

september 2023

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
35					1	2	3
36	4	5	6	7	8	9	10
37	11	12	13	14	15	16	17
38	18	19	20	21	22	23	24
39	25	26	27	28	29	30	

oktober 2023

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
39							1
40	2	3	4	5	6	7	8
41	9	10	11	12	13	14	15
42	16	17	18	19	20	21	22
43	23	24	25	26	27	28	29
44	30	31					

november 2023

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
44			1	2	3	4	5
45	6	7	8	9	10	11	12
46	13	14	15	16	17	18	19
47	20	21	22	23	24	25	26
48	27	28	29	30			

Elevfri, SFO og barnehagar stengt 03.11

desember 2023

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
48					1	2	3
49	4	5	6	7	8	9	10
50	11	12	13	14	15	16	17
51	18	19	20	21	22	23	24
52	25	26	27	28	29	30	31

Siste skuledag før juleferien 19.des.

Barnehagane og SFO er stengt jul- og nyttårsaft

Barnehage og SFO ope 20.-22.12 og 27.-29.12

Hautstferie for skular 09-13.10

Barnehagar og SFO ope 09.-13.10

januar 2024

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
1	1	2	3	4	5	6	7
2	8	9	10	11	12	13	14
3	15	16	17	18	19	20	21
4	22	23	24	25	26	27	28
5	29	30	31				

Første skuledag etter juleferien 02.01

februar 2024

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
5				1	2	3	4
6	5	6	7	8	9	10	11
7	12	13	14	15	16	17	18
8	19	20	21	22	23	24	25
9	26	27	28	29			

Planleggingsdag barnehage 02.02.

Elevfri, SFO og barnehagar stengt 02.02

Vinterferie for skular 26.02-01.03.

SFO og barnehage ope 26.02-01.03

mars 2024

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
9					1	2	3
10	4	5	6	7	8	9	10
11	11	12	13	14	15	16	17
12	18	19	20	21	22	23	24
13	25	26	27	28	29	30	31

Vinterferie for skular 26.02. -01.03.

Påskeferie for skular 25.03 - 01.04

Barnehage og SFO ope 25.-27.03

Barnehage og SFO stengjer kl. 12 onsdag 27.03

april 2024

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
14	1	2	3	4	5	6	7
15	8	9	10	11	12	13	14
16	11	12	13	14	15	16	17
17	22	23	24	25	26	27	28
18	29	30					

Påskeferie for skular 25.03 - 01.04

mai 2024

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
18			1	2	3	4	5
19	6	7	8	9	10	11	12
20	13	14	15	16	17	18	19
21	20	21	22	23	24	25	26
22	27	28	29	30	31		

Planleggingsdag barnehage 10.5.

Off høgtidsdagar 1.5. og 17.05.

Kr. himmelfartsdag 09.05

Elevfri, SFO og barnehagar stengt 10.05.

2.pinsedag 20.05

juni 2024

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
22						1	2
23	3	4	5	6	7	8	9
24	10	11	12	13	14	15	16
25	17	18	19	20	21	22	23
26	24	25	26	27	28	29	30

Siste skuledag før ferien 21.06.

Siste SFO-dag før ferien 28.06.

MERKNADER:

Oppstart og avslutning av skuleåret kan ikkje endrast lokalt. Plassering/flytting av planleggingsdagar i skular og barnehagar kan eventuelt endrast etter vedtak i samarbeidsutval/driftsstyre. Alle lokale endringar må det informerast tydelig om til barn og føresette.

Fleire detaljer i eige rundskriv og i tjenestebeskrivelse "Permisjon/fri fra skolen på kommunens nettsider.

Opningstid for barnehagar og SFO kjem fram i lokale vedtekter og val av plasstype.